

Forord til NIK 2015

Norsk Informatikkonferanse har vore eit årleg arrangement sidan 1988. I år er det dermed 28. gongen konferansen vert arrangert. Det er fyrste gong at NIK er i Ålesund, og det fyrste — og *siste* — gongen Høgskolen i Ålesund er vertskap. Siste gong sidan Høgskolen i Ålesund forsvinn i 2016 og vert ein del av NTNU.

Formålet med konferansen har heile tida vore det same:

- vera ein møteplass for datafagleg tilsette og studentar i høgare utdanningsinstitusjonar, forskingsinstitutt og næringsliv.
- gje eit representativt bilete av kva som går for seg av avansert utviklingsarbeid og forskning i heile det norske fagmiljøet, det vil seia at NIK skal syna breidda i forskingsmiljøet, både fagleg, organisatorisk og geografisk.
- halda eit høgt fagleg nivå og opna for debatt om emne som opptek det datafaglege miljøet.

Sjølv om NIK fekk noko færre bidrag i år samanlikna med tidlegare år, har me stadig ei fin samling på tolv artiklar som representerer eit breidt tverrsnitt av aktiviteten i landet. Både teorifelt som numerisk analyse og algoritmeteori, og praktiske og industrinære utviklingsprosjekt er representert. Me ser klassiske problem som sorteringsalgoritmar saman med svært tidsaktuelle problem som universell tilrettelegging av brukargrensesnitt. Me fekk 17 innsendte bidrag og aksepterte 12.

Denne utgåva av skriftserien *Norsk Informatikkonferanse* inneheld to seksjonar. Den fyrste samlar alle bidraga som vart presentert på NIK 2015. Den andre er dedikert til eit eige spor for *Utdanning og Didaktikk i IT-faga* (UDIT), som vert arrangert for fyrste gong i år, i samarbeid med NOKOBIT. UDIT har hatt sin eigen programkomité, bidraga vert fordelt på NIK og NOKOBIT sine skriftseriar. Me rettar ein stor takk programkomitéen for UDIT med leiar Arne Styve i spissen.

Som tidlegare er *Norsk Informatikkonferanse* godkjend som publiseringskanal på nivå 1 i det norske systemet for dokumentasjon av vitenskapleg publisering. Serien vert for tida offentleggjort gjennom *Open Journal Systems* hjå Bibsys.

Programkomitéen er NIK-stiftelsens styre, som har hatt fylgjande medlemmer:

- Hans Georg Schaathun (Høgskolen i Ålesund), redaksjonsleiar
 - Tom Heine Nätt (Høgskolen i Østfold), styreleiar
 - Ingrid Chieh Yu (Universitetet i Oslo), sekretær
 - Lars Ailo Bongo (Universitetet i Tromsø), kasserar
 - Siri Fagernes (Høgskolen i Oslo og Akershus)
-

- Hein Meling (Universitetet i Stavanger)
- Brit Helle Aarskog (Universitetet i Bergen)
- Vladimir A Oleshchuk (Universitetet i Agder)
- Heri Ramampiaro (NTNU)
- Tor Morten Grønli (Westerdals Høyskole)

I tillegg har me fått hjelp av fylgjande uavhengige fagfellar som har vurdert innsende arbeid: Jan Hoiberg, Susanne Koch Stigberg, Guri Verne, Bjørn Fjukstad, Oystein Haugen, Shaukat Ali, Lars Michael Kristensen, Hallvard Trætteberg, Erlend Tøssebro, Einar Holsbø, Volker Stolz, Lars Vidar Magnusson, Harald Holone, Rudolf Schlatte, Bård Fjukstad, Edvard Pedersen. Me takkar so mykje for hjelpa.

Meir informasjon om NIK og NIK-stiftelsen finn ein på <http://www.nik.no/>.

På vegne av NIK-styret og programkomitéen for NIK 2015,

Hans Georg Schaathun

Ålesund, oktober 2015.